

Olav Fykse Tveit

Kjære medarbeidarar!

I bibelordet for dagen, frå 2. Korinterbrev 6, er det faktisk det ordet som blir brukt. Og ikkje berre om at me er medarbeidarar med kvarandre, men at me skal ta vare på kvarandre, trass omstende og vilkår som er krevjande, og som på godt norsk heiter utfordrande.

Vi var samla som Bispemøte i førre veke, og vil gje honnør til alle kyrkjelege medarbeidarar for det arbeidet som de har lagt ned gjennom 2020. De har gjort ein veldig god jobb. Og det er veldig stor tillit til at me vil fortsette å gjere det, som ligg bak dei moglegitene me har fått.

Bispemøtet reflekterte også over korleis denne situasjonen har gjort at det er mange som er tålmodige. Det er nokon som er trøyte. Det er mange som er tiltaksrike og trufaste.

Men også tillitsskapande. Og eg må sei at når me får inn årsstatistikk og årsmeldingar frå det som hende i fjar, og me veit kor spesielt det året var, så er det imponerande kor mykje som likevel har hendt, og som har hendt utan at det er blitt smitte.

Dette skaper tillit, men det skaper også mot. Og me skal gi kvarandre ros og oppmuntring til å fortsette slik.

Da me var samla som biskopar førre veke, venta me på det svaret me fikk fredag: at nå kan me byrje å feire gudstenester att, i alle fall bortimot normalt gudstenesteliv. For mange er 100 ei avgrensing, men også ein moglegheit til å gjere det omrent slik me gjer det til vanlig. Likevel skal me gjere det på dei måtane som er skildra godt av Ingrid og Emil.

Men då me som biskopar var samla reflekterte me over kva ein gjer når ein feirar gudsteneste. Og det er tre ting eg har lyst til å dele med dykk.

Det eine er at når me no førebur påska, så førebur me kanskje med ein viss uro og uvisse om korleis det kan bli. Men også med veldig sterk tillit til at nettopp påskefeiring er noko som både gir oss moglegheit til å sjå krisa og det vanskelege med stor ærlegdom, men også med eit håp. Eit håp som er gitt oss gjennom Jesu død og oppstandelse.

Nokre kyrkjelyder har fått til høring og utprøving nye måtar å feire gudsteneste på i påska. Fordi me trur at nettopp påskefeiring i våre gudstenestar kan være ei kjelde til glede, inspirasjon og håp. Lat oss derfor også bruke denne mogleheita så langt me har til å gjere nettopp det.

Me reflekterte også over at nå i fastetida samlast me om tekster og utfordringar, og også om fasteaksjonen som minner oss om at me er del av ei verd som både har ein pandemi å hanskas med, men også har heilt andre føresetnader enn oss for å takle det.

I dag blir me informert om at det er vaksiner på veg til veldig mange land. Men det er også veldig mange land, og mange av våre kristne søskjen som lev i land, der ein ikkje har fått tilgang til vaksiner fordi dei er fattige. Og det einaste dei kan gjere er å begynne å grave massegraver, slik dei har gjort i Malawi.

På midfastesøndag 14. mars oppfordrer me saman med dei andre kyrkjene i Norges Kristne Råd at me på ein spesiell måte tar dette med i våre bønner og refleksjonar i gudstenesta. Korleis kan me be for dei mange som no kjemper for å komme seg gjennom dette? Men som også ber og håper på at dei får vaksiner på ein rettferdig måte. Og i tide.

Så, for det tredje, når me var samla som biskopar gjorde me ferdig eit dokument annleis enn alle andre dokument me har laga. Me har kalla det: «Guds verden, vårt hjem- Tro, håp og handling. Vårt kall i møte med klimakrisa». Dette har me arbeidd med over ganske lang tid. Og me gjer det ikkje fordi me veit mykje meir enn alle andre om klimakrisa, eller korleis ein faktisk skal løyse den politisk, økonomisk og teknisk. Me gjer det som ein moglegheit til å forstå den verda me lev i.

Og i dette vil me også være med å løfte frem at gudstenesta ikkje berre er noko me gjer fordi det er vår jobb, men kanskje er noko av det viktigaste me gjer som menneske. Menneske som lev i Guds verd, med dei utfordringane og krisene me møter. Dokumentet er lagt ut i ressursbanken, det vil bli trykt og det vil bli gjort kjent. Me oppfordrer til å bruke det både som studiemateriell og som materiell inn i ulike vis å feire gudsteneste på.

På slutten av forordet skriv me:

«I gudstjenesten lovpriser og takker vi Gud, vår skaper, frigjører og livgiver. Det er livskraft i fellesskapet som samles om ord og sakrament. Der kalles vi til oppgjør og oppbrudd, og til å stå sammen med alle mennesker som vil ta et felles ansvar for vår ene jord. Evige Gud, vi ber: Vis oss din vei, og gi oss vilje til å gå den»

Lukke til med arbeidet i kyrkjelydane. Lukke til med å være ei kyrkje som også kan takle den krisa me no arbeider med.